

# Forumet, festen og den falske pressen

Tekst og foto: Anders Ericson, Moss, Norge



Social movements, libraries, researchers and historians. Seminarium på Rosengårds Folkets hus

**M**itt første Social Forum var det europeiske i Malmö i midten av september. Det var stort (15–20 tusen), det var bra (også seinsommaren!), men det var også kafkask usammenhengende og kompromissfylt.

Du kjenner til World Social Forum som gigantiske opptog av unge demonstranter og nokre hundretalls svartkledde med masker og brustein. Det er dette som får alt fokus frå presse og teve. Normalt føresteller du deg i alle fall ikkje bibliotekarar i slike samanhengar. Men eit år tidligare fekk eg innbyding av Mikael Böök til eit arrangement i Stockholm, der bibliotekfolk frå fleire land førebudde inntil fleire bibliotekseminar i Malmö

2008. Mikael har vore med på SF sidan byrjinga, og i alt i Mumbai i 2004 organiserte han seminar om bibliotekets demokratiske rolle, blant anna saman med presidenten i IFLA på den tida, Kay Raseroka. Og eg blei med.

## Ulike språk

Men så blir det aldri slik ein ønskjer eller har planar om. Først måtte dei over 800 forslaga til seminar og workshops brutalt reduserast til 200. Eitt seminar blei slått saman for både bibliotekarar, historikarar og forskarar. Mykje har vi saman, men ikkje alt. Det kan også vere inspirerende med deltakarar frå alle verdshjørne (latinamerikanarane var

godt synlege på ESF, likevel ikkje på bibliotekfeltet). Men innleiarane og debattantane skal ikkje berre tale forståeleg engelsk (eventuelt med tolk), men også fatte kva motdebattantane seier. Derfor er det helst innleiingane ein kjem i hug. Eg vil spesielt nemne Stuart Hamilton frå IFLA som prata om Libraries and the War on Terror. Og samtalane i pausane var gode, og på kafeane, konsertane og under den store demoen. Dei kontaktane du får kan følge deg heile livet.

**Til seminaret om Public Lending Right (PLR)** kunne ikkje dei framtrekkande italienarane kome (bibliotekarlønane er låge der også). Filmen deira viste



Catharina Engström, Helsingborg

## Vad gjorde du på ESF?

Jag besökte, förutom seminarier om Kooperation i Afrika och ickevåldsaktioner mot vapenindustrier, en workshop: Social movements, libraries, researchers and historians.

## Vad gav det dig?

Det intressanta från workshopen var vad Stuart Hamilton från IFLA bl a informerade om, nämligen FBI:s intresse för biblioteken efter den 11 september i USA. Att USA:s jakt på terrorister griper in i alla områden. Workshopen samlade ju även andra yrkeskategorier, historiker, och som jag minns var det bara Stuart Hamilton som representerade bibliotek. Jag tycker att utbudet var imponerande men aktiviteterna var alltför utspridda över stan



Dokumentationsgruppen i møte

likevel at dei er aktive (sjå lenke). Men som vi ser av debatten i dette nummeret av bis, kom heller ikkje Nordens fremste ekspert, Siv Wold-Karlsen. Og, som same Siv påviser, meiner representanten for EBLIDA at PLR er mindre interessant, så han prata om andre ting. Som var bra nok, men det er altså mykje informasjonsarbeid som står att.

### Dokumentasjon

Fleire bør gripe ideen å dokumentere konferansar, slik Mikael Böök har gjort det i Verdas Sosiale Forum i Nairobi i 2007 og slik blant anna Världsbiblioteket gjorde det i Malmö. Slikt synleggjer samfunnsnytta til biblioteket. Ved hjelp av skoleelevar

og eigen innsats blei det samla inn alle typar trykt materiale frå dei fleste arrangementa. Seinare er det ordna og deponert ved Arbetarrörelsens arkiv och bibliotek.

Det sosiale er viktig, og ikkje minst kontakten over generasjonsgrensene kan ha blitt betre for manges del under ESF 2008. Men blant bibliotekarane var det vi over femti som dominerte i Malmö, så vel som på internasjonale bibliotekkonferansar. Ein positiv tendens i Malmö var dei mange fagorganiserte frå alle typar yrke. Her var også dei heilt unge.

Førehandstalen av ESF i media var sjølv sagt ein-sided negativ og fokusert på "valden". Også tusna av bibliotekarar som sat heime, fekk

berre lese om og sjå det som skjedde den eine av dei fire kveldane, då nokre få provokatørar gjorde presis det pressa (og politen?) ønskte. No veit de litt meir. Forreften; ein spaltist i Sydsvenskan dementerte at ESF-arane "luktar illa".

<http://openesf.net/projects/librarians-for-informational-commons-and-another-europe/project-home>  
<http://openesf.net/projects/librarians-for-informational-commons-and-another-europe/videos>



Maud Hell, Lund

### Vad gjorde du på ESF?

Jag gick på några seminarier och workshops och mötte biblioteksgruppen på Garaget, där vi planerade dokumentinsamling. Sedan samlade jag in material under en dag runt om i Malmö.

### Vad gav det dig?

Intressant och roligt att se så mycket aktivitet, unga och gamla aktivister - det motsäger lite det där om det dåliga engagemanget! Mycket intressanta inslag från många olika länder om väldigt många olika ämnen, bl.a. även om språk, kvinnofrågor och kultur.